

Utval: Styret for Fagskolen i Hordaland
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen
Dato: 10.05.2019
Tidspunkt: 09:00 – 11.00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Trude Amundsen	Medlem	TILSETT
Sara Hamre Sekkingstad	Nestleiar	EIGREP
Roald Kvamme	Leiar	EIGREP
John Helge Gullaksen	Medlem	EIGREP
Thomas Rimmereide	Medlem	STUD
Anne Mette Koch	Medlem	ARBREP
Trond Sanne Haga	Medlem	ARBREP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader**Frå fagskolen i Hordaland møte:**

Rektor Torbjørn Tvedt
Fagleiar Torill Flatebø
Administrasjonsleiar Giulia Casella

Påtroppande rektor Torbjørn Mjelstad

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Adeline Landro	Spesialrådgjevar
Øydis R. Ziem	Styresekretær

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 18/19	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 19/19	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 20/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 12/19	Økonomirapport 1. kvartal	2015/11453	
RS 13/19	Orientering om disponering av investeringsmidlar for 2019	2015/11453	
PS 21/19	Ymse		
PS 22/19	Løyve til å opprette studiestad på Stord for tilbodet Maskinteknikk med ISO	2015/11453	
PS 23/19	Høyringsfråsegn om endringar i "forskrift om høgere yrkesfaglig utdanning"	2015/11453	
PS 24/19	Tilbudsstruktur for skuleåret 2019/2020	2015/11453	
PS 25/19	Søknad om å bli medlem i Sammen	2015/11453	

PS 18/19 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 10.05.2019

Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vart godkjende utan merknader.

PS 19/19 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 10.05.2019

Vedtak

Møtebøkene frå styremøtet 22. mars og ekstra styremøte 12. april vart godkjende utan merknader

PS 20/19 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 10.05.2019

Vedtak

Referatsakene vart tekne til etterretning.

PS 21/19 Ymse

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 10.05.2019

Ny rektor for Fagskolen i Hordaland

Torbjørn Mjelstad, nytilsett rektor i Fagskolen i Hordaland, tok del i styremøtet og presenterte seg for det nye styret. Første styremøtet hans blir 12. sept.

Diverse orienteringar v/spesialrådgjevar Adeline Landro:.

Felles klagenemnd for fagskular.

Fagskolen i Hordaland har felles klagenemnd med dykkarutdanninga på Høgskulen og med Kunstskolen i Bergen. Det er HFK v/oppl.avd. som administrerer klagenemnda. Jfr. fagskulelova er det fagskulane som er ansvarleg for å opprette ei klagenemnd som skal handsame enkeltvedtak fatta av skulen. Enkeltvedtak som fører til disiplinære sanksjonar skal etter lova handsamast i styret eller i den lokale klagenemnda etter delegasjon frå styret.

Fagskulen i S & F ønskjer å vere ein del av Fagskolen i Hordaland si klagenemnd. For at dette skal koma raskt på plass for skulen er det ønskeleg at oppl.avd. utarbeider ein avtale med Fagskulen i S & F no. Eventuelle endringar dette får for samansetning eller mandat vert å koma tilbake til i eiga sak.

Regionreforma – administrativ prosess vedk. fagskulane.

Ingen saker vedk. fagskulane i dei to fylka skal til Fellesnemnda, og nytt styre for begge fagskulane må vere på plass innan 1. jan. 2020 (skal vedtakast av fylkestinga i des. 2019). Dagens styre må såleis fungere fram til desember 2019. Spørsmål om det skal vera ein eller to fagskular skal også vedtakast av fylkestinga i des. 2019.

Vedk. Landskonferanse i Loen 8.-9. mai - orientering om tema på konferansen. Adeline Landro vart attvald til styret for RFF (Råd for offentlege fagskular)

Samarbeidsavtale med Høgskulen på Vestlandet.

Utkast til ein overordna, strategisk samarbeidsavtale med Høgskulen på Vestlandet er under arbeid og snart ferdigstillt.

Organisering kursverksemd.

Styreleiar ber om sak vedk. organisering av kursverksemd til neste styremøte.

Vedk. bransjeprogram i industri og byggenæringa.

Rektor Torbjørn Tvedt orienterte om nyleg tilsagn frå Kompetanse Norge på om lag kr 6,4 mill kroner til pilotprosjekt som er del av eit nasjonalt bransjeprogram. Gjennom bransjeprogrammet skal ein utvikla tilbod i mindre modular etter kva behov arbeidslivet har. Fagskulen skal utvikle 9 modular på 10 studiepoeng kvar, og det vert også vurdert om dei 9 modulane også skal kunne inngå i ei gradsgjevande utdanning på 90 studiepoeng. Det vil sei at ein kan gjennomføra modulane enkeltvis eller gjennomføra alle og få ein fagskulegrad.

PS 22/19 Løyve til å opprette studiestad på Stord for tilbodet Maskinteknikk med ISO

Forslag til vedtak

Styret for Fagskolen i Hordaland gjev fagskulen løyve til å opprette nytt studiestad innan maskinteknikk m/ISO ved studiestaden Stord.

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 10.05.2019

I samband med sakshandsaminga vedk. denne saka har Trond Sanne Haga stillt spørsmål om han er ugild.

Administrasjonen har i forkant av styremøtet undersøkt saka og har kome til at Haga ikkje er ugild. Saka vart lagt fram for styret for avgjerd, og Haga gjekk frå møtet under drøftinga.

Styret konkluderte samrøystes: Haga er ikkje inhabil i saka og kunne tiltre møtet att.

Røysting

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Styret for Fagskolen i Hordaland gjev fagskulen løyve til å opprette nytt studiestad innan maskinteknikk m/ISO ved studiestaden Stord.

PS 23/19 Høyringsfråsegn om endringar i "forskrift om høgere yrkesfaglig utdanning"

Forslag til vedtak

Styret for Fagskolen i Hordaland gjev høyringsfråsegn til ny «forskrift om høgere yrkesfaglig utdanning» slik det kjem fram av saka.

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 10.05.2019

Røysting

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Styret for Fagskolen i Hordaland gjev høyringsfråsegn til ny «forskrift om høgere yrkesfaglig utdanning» slik det kjem fram av saka.

PS 24/19 Tilbudsstruktur for skuleåret 2019/2020

Forslag til vedtak

Følgjande tilbudsstruktur vert vedteke for Fagskolen i Hordaland skuleåret 2019/2020:

691	Fagskolen i Hordaland	Student-tal 1. år	søkjjarar 2019
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N	40,00	57,00
	KEM /Tak og fasade FTB03N	-	0,00
	Bygg FTB01H	30,00	70,00
	Bygg FTB01N	60,00	75,00
	Automatisering FTE01H	30,00	47,00
	Automatisering FTE01N	30,00	61,00
	Elkraft FTE03H	30,00	60,00
	Elkraft FTE03N	60,00	113,00
	Maskinteknikk FTT04H	30,00	48,00
	Maskinteknikk FTT04N	30,00	55,00
	Maskinteknikk med ISO FTT11N	-	0,00
	Prosessteknikk FTK01H	30,00	35,00
	Prosessteknikk FTK01N	-	0,00
	Klassisk bygningshandverk FTB54H	-	0,00

	Klassisk bygningshandverk FTB54D	20,00	23,00
	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH14D	30,00	40,00
	Rehabilitering FHH04D	-	0,00
	Spesialreinhald FHH10D	30,00	32,00
Stord	Maskinteknikk FTT04H	30,00	32,00
	Maskinteknikk med ISO FTT11H	30,00	29,00
	Elkraft FTE03H	-	0,00
	Automatisering FTE01H	-	0,00
Nygård	Maskinoffiser FTM02H	30,00	57,00
	Dekksoffiser FTM01H	30,00	80,00
	Boring FTP01H	30,00	36,00
	Havbunnsinstallasjoner FTP04H	-	7,00
	CNC og robotteknologi FTT53H	-	0,00
	CNC og robotteknologi FTT53N	-	17,00
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H	30,00	28,00
Hjeltnes	Arborist FPS01D	-	0,00
	Lokal matkultur FTK51N	25,00	18,00
Voss	Anlegg FTB02H	-	0,00
	Anlegg FTB02N	35,00	65,00
	Rehabilitering FHH04D	-	10,00
	Totalt	690,00	1095,00

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 10.05.2019

Styret for fagskolen i Hordaland sette fram følgjande tilleggspunkt:

- Eventuelle ledige studieplassar innanfor eksisterande kostnadsramme skal disponerast til CNC og robotteknologi FTT53N
- Styret for fagskolen i Hordaland skriv brev til skuleeigar v/fylkesordførar der ein gir uttrykk for at det er svært positiv med høge søkjartal til fagskulen, men at ein dessverre har begrensa tal studieplassar å tilby. Styret ber om at skuleeigar tek nemnde problemstilling opp med sentrale styresmakter.

Røysting

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke saman med styret sine to tilleggspunkt.

Vedtak

1. Følgjande tilbudsstruktur vert vedteke for Fagskolen i Hordaland skuleåret 2019/2020:

691	Fagskolen i Hordaland	Student-tal 1. år	søklarar 2019
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N	40,00	57,00
	KEM /Tak og fasade FTB03N	-	0,00
	Bygg FTB01H	30,00	70,00
	Bygg FTB01N	60,00	75,00
	Automatisering FTE01H	30,00	47,00
	Automatisering FTE01N	30,00	61,00
	Elkraft FTE03H	30,00	60,00
	Elkraft FTE03N	60,00	113,00
	Maskinteknikk FTT04H	30,00	48,00
	Maskinteknikk FTT04N	30,00	55,00

	Maskinteknikk med ISO FTT11N	-	0,00
	Prosessteknikk FTK01H	30,00	35,00
	Prosessteknikk FTK01N	-	0,00
	Klassisk bygningshandverk FTB54H	-	0,00
	Klassisk bygningshandverk FTB54D	20,00	23,00
	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH14D	30,00	40,00
	Rehabilitering FHH04D	-	0,00
	Spesialreinhald FHH10D	30,00	32,00
Stord	Maskinteknikk FTT04H	30,00	32,00
	Maskinteknikk med ISO FTT11H	30,00	29,00
	Elkraft FTE03H	-	0,00
	Automatisering FTE01H	-	0,00
Nygård	Maskinoffiser FTM02H	30,00	57,00
	Dekksoffiser FTM01H	30,00	80,00
	Boring FTP01H	30,00	36,00
	Havbunnsinstallasjoner FTP04H	-	7,00
	CNC og robotteknologi FTT53H	-	0,00
	CNC og robotteknologi FTT53N	-	17,00
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H	30,00	28,00
Hjeltnes	Arborist FPS01D	-	0,00
	Lokal matkultur FTK51N	25,00	18,00
Voss	Anlegg FTB02H	-	0,00
	Anlegg FTB02N	35,00	65,00
	Rehabilitering FHH04D	-	10,00
	Totalt	690,00	1095,00

- Eventuelle ledige studieplassar innanfor eksisterande kostnadsramme skal disponerast til CNC og robotteknologi FTT53N
- Styret for fagskolen i Hordaland skriv brev til skuleeigar v/fylkesordførar der ein gir uttrykk for at det er svært positiv med høge søkjartal til fagskolen, men at ein dessverre har begrensa tal studieplassar å tilby. Styret ber om at skuleeigar tek nemnde problemstilling opp med sentrale styresmakter.

PS 25/19 Søknad om å bli medlem i Sammen

Forslag til vedtak

Styret for Fagskolen i Hordaland sender søknad om medlemskap til studentsamskipnaden på Vestlandet, Sammen, slik det kjem fram av saka.

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 10.05.2019

Røysting

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Styret for Fagskolen i Hordaland sender søknad om medlemskap til studentsamskipnaden på Vestlandet, Sammen, slik det kjem fram av saka.